

Mye stygt, som sagt, men slik er det. At somme av oss er mest glad i gammel byggeskikk, kjem av at me treng lang tid til å omstille sjel og hue. Me må bare finne oss i det, ja protestere naturlegvis på vegner av våre ideal om kva som er vakkert og rasjonelt og tidsrett. Men om tjue år er dagens hus fortids klenodium. Forresten, kvar generasjon skulle etterlate seg eitt eller fleire bygg med tanke på historia. Sverre Fehnske arkotektoniske refleksjonar i eit Aukrustsenter, ei Snøhettas bibliotek i Alexandria, ein opera i Oslo, ein stålsilo, ei stavkjerkje, ein Nidarosdom.

Hus er liv og historie. Hus er nær oss, alltid. Ein tylldøl sa det ofte slik: "Når det småkkå tennvæske tå pølsan, da vet eg det lir te såmmårs!" Eg hadde eit anna vårteikn. Når ungane skulle ligge

ute i telt var godvêret rundt hjørnet. Ut på natta kom dei tuslande innatt og kraup forsiktig ned i egne senger. I hus!

Sjøl fjellkaren Aasmund Olavsson Vinje, som langbeint tråva i vid natur, kom inn til kvelds, slik han seier det i *Ved Rondane*:

*Eg finner vel eit hus som vil meg hysa
når soli heim til natti vil meg lysa.*

Vinje har sagt mye med sine diktardord. Eg treng ikkje seie det oppatt.

Ola Jonsmoen
Sivildalen
2560 Alvdal
ola.jonsmoen@fjellnett.no

Kjell Aukrust

Hus og landskap, tegninger



